



Ard arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 27.08.2015

Vår ref.: 2015/7749-5
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.: ard015014

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan med planprogram, Nesfossen smolt - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 21.07.2015 om oppstart av arbeid for detaljregulering med planprogram for Nesfossen smolt, gnr.56 brn.14 m.fl, Lindås kommune. Hovudføremålet med reguleringa er industri. Føremålet i strid med kommuneplan der området er sett av til LNF. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiling.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Akvakultur
- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Næringsutvikling
- Universell utforming
- Vassforvalting

Meir om landskap, friluftsliv og strandsone

Det er viktig at planlegginga tek omsyn til landskapsverknadane av tiltaket og at nye tiltak innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Strandsona og friluftsområde er viktige område der omsynet til landskap og ålmenn tilgjenge må vektleggast sterkt, vi viser til dei vedtekne arealpolitiske retningslinjene for strandsona i Hordaland. Desse gjev viktige føringar for forvaltning og planlegging.

Planområdet har konfliktpotensiale når det gjeld landskap, friluftsliv og strandsone. Store delar av planområdet ligg innafor landskapsområde for Lurefjorden der det er registrert regionale landskap med høg verdi. Lurefjorden er også eit viktig regionalt friluftsområde med viktige strandsoneverdiar.

Hordaland fylkeskommune oppmodar til at landskap, friluftsliv og strandsone vert særlege utgreiingstema i prosessen vidare.

Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Den 14.08.2015 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring av det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensialet for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar.

Vi har i dag kjennskap til at den Trondhjemiske postveg går gjennom planområdet. Det er òg restar etter ei mølle/vassverk i området ned mot strandsona. Vi ber om at ein tar omsyn til desse kulturminna i prosessen vidare. Vi har ikkje kjennskap til andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Vi har difor ingen avgjeraende merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på akvakultur, areal- og transport, arkitektur og estetikk, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel, næringsutvikling, universell utforming, vassforvalting

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Inga Lena Gåsemøy, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest